# Årsmelding for Bø Orienteringslag, 2014

**Styret har sett slik ut:**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar: | Jarle Botnen | (på val) |
| Sportsleg leiar: | Dag Steinar Ragvin | (ikkje på val) |
| Kasserar: | Arne Lande | (på val) |
| Kartansvarleg: | Per Chr. Hagen | (på val) |
| Rekruttansvarleg: | Bjørn Steen | (ikkje på val) |
| | Synne Kleiven | (ikkje på val) |
| Vara: | Trude Harstad | (på val) |
| | Dag Øyvind Olsen | (på val) |
| Valkomité: | Steinar Lande | (ikkje på val) |
| | Eivind Frode Rinde | (ikkje på val) |
| Webansvarleg: | Jon Kvisli | (ikkje på val) |
| Sekretær: | Jon Solberg | (på val) |
| Revisor: | Bodil Dahl | |

**Betalande medlemmer i år (skrive av Arne Lande)**
Bø orienteringslag har i år auka medlemstalet til 107 (mot 84 i fjor). Så mange medlemer har laget aldri hatt før. På 80-talet kom talet opp mot 90, men det er altså passert med klar margin. Mange barnefamiliar har meldt seg inn, men også fleire enkeltpersonar.

**Styremøter**
I år har me hatt 3 styremøte.

**Heimeside** www.boolag.org
Jon Kvisli oppdaterer sida jamnleg. Her finn ein resultat og strekktider frå alle treningsløpa, i tillegg til nyttig informasjon om alt som skjer i og rundt Bø o-lag.

**Rekruttering (skrive av Bjørn Steen)**
Rekruttgruppa besto i år av Synne Kleiven og Bjørn Steen.
Dei tre Råtassløpa samla mellom 70 og 90 deltakarar! Stor stemning!
Dei ni treningsløpa på våren hadde frå 5 til 55 rekruttar, med eit snitt på 17 stk per løp.
Dei seks treningsløpa på hausten hadde frå 2 til 32 rekruttar, med eit snitt på 18 stk per løp.

Alt i alt er vi veldig nøgde med dette talet, spesielt at det heldt seg så godt utover hausten.
NOF heldt kurs på HiT, der Arne Lande, Bjørn Steen og Dag Steinar Ragvin deltok.

Skulesprinten ble arrangert på Folkestad skule. Der løp alle 5., 6. og 7. klassingane frå Folkestad skule, mens berre 5. klassingane frå Bø skule deltok. Totalt blei det om lag 100 deltakarar, og Bø Sparebank stilte med raude/kvite luer til alle. Arne Lande var sjef for arrangementet.

Trude Harstad hadde ansvaret for orienteringa på barneidretten. Det ble heldt eit arrangement om hausten på Bø skule med om lag 35 deltakarar.

Bjørn Steen, Steinar Lande og Dag Steinar Ragvin deltok på orienteringsforbundets rekrutteringsseminar i Skien fritidspark 27. november.

**Kartarbeid (skrive av Per Chr. Hagen)**
Konkurransekartet Vatnar, som er på 6 km$^2$, ble utgitt til KM langdistanse 30. august 2014. Grunnlaget er laget av Jon Kvisli ut fra Lidar laserdata, kommunale FKB-data og ortofoto fra Bø kommune. Kartfirma Anders Fossøy har synfart 4.5 km$^2$, og Jon Kvisli har synfart 1.5 km$^2$. Kartet er tegnet av Jon Kvisli.

Det ble søkt om 56 800 kr i spillemidler i 2014, men på grunn av store søknadssummer til skianlegg på Nordbøåsane og hall på Bø videregående skole, som ble prioritert foran Vatnar-kartet av Bø kommune, fikk vi ikke noe i 2014. Søknaden er fornyet, og vi håper på tildeling i 2015.Fra Sparebankstiftinga i Bø, som er gavefondet til Sparebanken DIN, fikk Bø o-lag 15 000 kr til Vatnar-kartet.

Et stort nytt hogstfelt i Breisås er tegnet inn av Steinar Lande.

**KM på Vatnar, 30. august**
Kontrollør Jørn Myrland uttaler**:**
*«Et meget godt gjennomført løp. Har fått noen tilbake meldinger på at løpene hadde mange poster. Litt likt mellomdistanseløp, men jeg mener at løypene var lagt slik at terrenget ble meget godt utnyttet. Ellers var samlingsplass og alt flott tilrettelagt.»*

Løpet hadde 529 deltakarar. Sjå eige evalueringsdokument forfatta av Jon Kvisli.

**Avslutningsfest, 19. november fra kl. 17.00 - 19.00**
I år som i fjor gjekk festen av stabelen i kantina på ungdomsskulen, øvst i gata. Me var 40-50 stk. Me hadde ein super spørrekonkurranse i regi av Bjørn Steen, m.a. med pedagogisk korrekte o-relaterte spørsmål for dei minste.

Arne Lande arrangerte mikroorientering i det flotte Frivoll Spektrum. Det var stor suksess, og dei unge, lovande deltakarane gjennomførte løypa både ein og to og tre og opptil seks gonger.

Etterpå var det pizza, saft, kaker, kaffe og brus, servert på et sjølvbetjent bord, og sjølvsagt utlodding med spreke premiar. I tillegg blei dei nye løps- og overtreksdraktene vist fram og prøvekjørt. Mange skreiv seg på bestillingslista.

**Sportsleg aktivitet (skrive av Dag Steinar Ragvin)**
**Treningsløp**
20 treningsløp vart arrangert på onsdagar. Inkludert i desse var 4 haustsprintløp. I tillegg vart det arrangert klubbmesterskap ein laurdag i september. Alle desse klubbløpa hadde totalt ca. 860 startar, 140 fleire enn i 2013, og 41 i gjennomsnitt pr. løp. Deltakinga har variera frå 17 til 86 på kvart enkeltløp. Ser ein bort frå haustsprintløpa har deltakartalet sjeldan vore under 30. Om lag 280 personar deltok ein eller fleire gonger.

Ein viktig årsak til auka var truleg den fine starten med 3 Råtass – rekruttløp før påske ved Bø skule og Gullbring. I tillegg vart det god marknadsføring av både rekruttløpa og treningsløpa i Bø blad tidleg. Eit anna moment kan være val av stad/terreng for dei fyrste 5 løpa der vi også hadde eigne rekruttansvarlege. Tusen takk til alle arrangørar!

**Treningar**
I førekant av onsdagsløpa var det trening for barn/ungdom med fokus på ulike moment i sjølve orienteringa. 2,5 deltok i gjennomsnitt kvar gong. Lars Steinar Hefre og Dag Steinar Ragvin ordna desse treningane. Konklusjon: Ein grei start å byggje vidare på.

**Klubbmeisterskap**
Klubbmeisterskapet vart arrangert søndag 21. september frå vasstårnet i Breisås med følgjande klubbmeistrar:

| | |
|---|---|
| Nybegynnarmeistrar: | Tobias og Sondre Harstad Rinde |
| D13 – 14: | Elise Støren |
| H17: | Steinar Lande |
| D50: | Gyrid Kvaale |
| H50: | Per Christian Hagen |
| D65: | Margit Ryen Steen |
| H65: | Olav Solberg |

**Medaljer og merke i krinsmeisterskap**

<u>Langdistanse 30. august i Bø OL</u>

| | | |
|---|---|---|
| D65: | Margit Ryen Steen | Sølv |
| D70: | Inger Lise Solberg | Gull |
| H21: | Dag Steinar Ragvin | Gull |
| | Såmund Botnen | Bronse |

<u>Stafett 31. august, Notodden OL</u>

| | |
|---|---|
| H17: | Gull til Bø o – lag 1 (Dag Steinar Ragvin, Lars Steinar Hefre, Såmund Botnen) |
| | Sølv til Bø o – lag 2 (Jon Solberg, Eivind Frode Rinde, Steinar Lande) |
| H175: | Gull til Bø o – lag 1 (Jarle Botnen, Tore Håndstad, Per Christian Hagen) |

<u>Sprint 31. mai OL Trollo</u>

| | | |
|---|---|---|
| H60: | Per Christian Hagen | Gull |

<u>Ultralangdistanse 8. november, OK Skeidi</u>

| | | |
|---|---|---|
| D17: | Marit Wenseth Kure | Sølv |
| H17: | Dag Steinar Ragvin | Gull |

**Resultat i Noregsmeisterskap**

<u>Langdistanse 11. september, Asker</u>

| | |
|---|---|
| 27. Eivind Romberg Kvaale | H19 – 20 |
| 46. Dag Steinar Ragvin | H21 |
| 52. Lars Steinar Hefre | H21 |
| 55. Steinar Lande | H21 |

<u>Stafett 14. september, Asker</u>

64. Bø o – lag 1 (Dag Steinar Ragvin, Steinar Lande, Lars Steinar Hefre)
87. Bø o – lag 2 (Eivind Romberg Kvaale, Tore Håndstad, Siggen Ytrehus)

<u>Mellomdistanse 12. og 13. september, Asker</u>

| | |
|---|---|
| 40. Eivind Romberg Kvaale | H19 – 20 |
| *Deltok i kvalifiseringa:* | |
| Marit Wenseth Kure | D21 |
| Dag Steinar Ragvin | H21 |
| Siggen Ytrehus | H21 |

<u>Ultralangdistanse 2. august, Førde</u>

| | |
|---|---|
| 19. Dag Steinar Ragvin | H21 |

<u>Nattorientering 5. september, Trondheim</u>

| | |
|---|---|
| 42. Dag Steinar Ragvin | H21 |

<u>Veteranmeisterskapet 5. – 7. september, Lillehammer</u>

| | |
|---|---|
| *Mellomdistanse:* | |
| 12. Synnøve Dalva | D70 |
| 15. Inger Lise Solberg | D70 |
| 20. Per Christian Hagen | H60 |
| 41. Arne Lande | H65 |
| 37. Olav Solberg | H70 |

| | |
|---|---|
| *Langdistanse:* | |
| 9. Synnøve Dalva | D70 |
| 11. Per Christian Hagen | H60 |
| 40. Arne Lande | H65 |
| 31. Olav Solberg | H70 |

*Sprint:*

| | |
|---|---|
| 7. Synnøve Dalva | D70 |
| 18. Inger Lise Solberg | D70 |
| 9. Per Christian Hagen | H60 |
| 36. Arne Lande | H65 |
| 31. Olav Solberg | H70 |

**Noregscup samanlagt**

| | | |
|---|---|---|
| 62. Eivind Romberg Kvaale | H19 – 20 | 30 poeng |
| 93. Marit Wenseth Kure | D21 | 6 poeng |
| 101. Dag Steinar Ragvin | H21 | 26 poeng |

**Anna**

Talet på deltakarar frå o – laget i terminfesta helgeløp har auka samanlikna med dei siste sesongane. Tal frå utvalde løp:

| | |
|---|---|
| Hjalmarløpet Skien: | 12 |
| Drangedalsløpet: | 12 |
| Høydalsmo/Rauland: | 17 |
| KM Bø: | 20 |
| KM stafett Notodden: | 15 |
| Pinseløp Kongsberg | 13 |
| Sørlandsgaloppen: | 13 |

Elise Støren har jamnleg delteke i MOT – TV – cupen, ungdomscupen for klubbar i Telemark og Vestfold. I tillegg til dei nemnde stafettane KM og NM har klubben delteke med seniorlag i Kvistkvaset på Ås 1. mai og i den store nyvinninga Night Hawk frå Tryvann i Oslo i august.

**Takk til**

Styret takkar medlemmer og andre som har stilt opp for Bø o-lag i år.

Bø 21. januar, 2014 For styret Jon Solberg (sekretær)